

# Eksamen

27.05.2019

FOT3003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

**Programområde:** Fotterapi

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>I vurderinga av svaret ditt blir det lagt vekt på at du viser tilstrekkeleg forståing av kompleksiteten i faget. Det blir lagt vekt på at du klarer å formidle kunnskapen din med eigne ord ved å svare på det oppgåveteksten spør etter. Det blir òg lagt vekt på samspelet mellom fagkunnskap og eigen refleksjon i svara dine. Vidare må du vise forståing av kva det vil seie å vere profesjonell i yrkesutøvinga, og du må kunne halde deg til ditt eige kompetanseområde.</p> <p>Dersom du bruker mykje klipp og lim frå andre sine tekstar, kan du få lågare karakter fordi det da er vanskeleg å vurdere kva kompetanse du har.</p> <p>Det må komme tydelig fram kva spørsmål du svarer på.</p>

## Oppgåve 1

Ein lege har vist Tom (45 år) vidare til deg. Tom slit med smerte lateralt ved tuberositas 5. metatars knokkel ved mykje gonge. Han har òg merka aukande smerter i hofta og lateralt i kneet. Desse smertene oppstår berre ved gonge med enkelte sko som han bruker. Tom vil vite kvifor smertene oppstår, og lurar på kvifor dei oppstår avhengig av kva sko han bruker.

- a) Ut frå smertebiletet til Tom, kva for 3–4 styringsfaktorar vil du fokusere på ved kjøp av sko til han? Grunngi kvifor du vil fokusere på nettopp desse styringsfaktorane.
- b) Gjer greie for korleis du testar desse styringsfaktorane i skoa, og kva som blir rekna som avvik i forhold til normalfoten.
- c) Forklar for Tom kvifor skoa han bruker, påverkar kva smerter han får. Grunngi svaret ditt.

## Oppgåve 2

Du er nettopp ferdig utdanna foterapeut og skal starte di eiga verksemd. Med dette følger det mange val, og du må sette deg inn i kva som passar for din praksis.

- a) Forklar kva som kjenneteiknar eit *aksjeselskap*, og kva som kjenneteiknar eit *enkeltpersonføretak*. Vurder kva selskapsform som passar best for foterapeutklinikken din. Grunngi svara dine.

For at du skal ha betre sjansar til å få lån og støtte til oppstarten av klinikken, bør du ha ein forretningsplan. Forretningsplanen skal gi deg og andre eit realistisk bilete av det du skal gjere, og vil vere eit viktig styringsdokument i oppstartsfasen.

- b) Gjer greie for kva desse punkta i forretningsplanen for klinikken din skal innehalde:
  1. forretningsidé og visjon
  2. SWOT
  3. økonomi

## Oppgåve 3

I den kliniske behandlinga du utfører som foterapeut, er du avhengig av å bruke analysemetodar. Dei er eit viktig verktøy for ei presis og effektiv behandling.

Gjer greie for analysemetodane *pediogram*, *spegelkasse*, *gongeanalyse* og *føringstestar*. Forklar òg kva som er dei svake og sterke sidene ved dei forskjellige analysemetodane. Grunngi svaret ditt.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I vurderingen av besvarelsen blir det lagt vekt på at du viser tilstrekkelig forståelse av fagets kompleksitet. Det blir lagt vekt på at du klarer å formidle kunnskapen din med egne ord ved å svare på det oppgaveteksten spør etter. Det blir også lagt vekt på samspillet mellom fagkunnskap og egen refleksjon i svarene dine.</p> <p>Videre må du vise forståelse av hva det vil si å være profesjonell i yrkesutøvelsen, og du må kunne holde deg til ditt eget kompetanseområde.</p> <p>Hvis du bruker mye klipp og lim fra andres tekster, kan du få lavere karakter fordi det da er vanskelig å vurdere hvilken kompetanse du har.</p> <p>Det må komme tydelig fram hvilket spørsmål du besvarer.</p>

## Oppgave 1

En lege har henvist Tom (45 år) til deg. Tom sliter med smerte lateralt ved tuberositas 5. metatars knokkel ved mye gange. Han har videre merket økende smerter i hoften og lateralt i kneet. Disse smertene oppstår bare ved gange med enkelte sko som han bruker. Tom vil vite hvorfor smertene oppstår, og lurer på hvorfor de oppstår avhengig av hvilke sko han bruker.

- a) Ut fra smertebildet til Tom, hvilke 3–4 styringsfaktorer vil du fokusere på ved kjøp av sko til ham? Begrunn hvorfor du vil fokusere på nettopp disse styringsfaktorene.
- b) Gjør rede for hvordan du tester disse styringsfaktorene i skoene, og hva som regnes som avvik i forhold til normalfoten.
- c) Forklar Tom hvorfor smertene han får, påvirkes av hvilke sko han bruker. Begrunn svaret ditt.

## Oppgave 2

Du er nettopp ferdig utdannet foterapeut og skal starte din egen virksomhet. Med dette følger det mange valg, og du må sette deg inn i hva som passer for din praksis.

- a) Forklar hva som kjennetegner et *aksjeselskap*, og hva som kjennetegner et *enkeltpersonforetak*. Vurder hvilken selskapsform som passer best for din foterapeutklinikk. Begrunn svarene dine.

For at du skal ha bedre muligheter til å få lån og støtte til oppstarten av klinikken, bør du ha en forretningsplan. Forretningsplanen skal gi deg og andre et realistisk bilde av det du skal gjøre, og vil være et viktig styringsdokument i oppstartsfasen.

- b) Gjør rede for hva følgende punkter i forretningsplanen for klinikken din skal inneholde:
  1. forretningsidé og visjon
  2. SWOT
  3. økonomi

## Oppgave 3

I den kliniske behandlingen du utfører som foterapeut, er du avhengig av å bruke analysemetoder. De er et viktig verktøy for en presis og effektiv behandling.

Gjør rede for analysemetodene *pediogram*, *speilkasse*, *ganganalyse* og *føringstester*. Forklar også hva som er svakhetene og styrkene ved de forskjellige analysemetodene. Begrunn svaret ditt.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)